



Signe Gloppen  
Vilberggrenda 9  
0687 Oslo

Dato: 02.06.2016  
Vår ref.: 2015/2159-111  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Lemstove - Landa - gnr 70 bnr 4 - Fitjar kommune - Søknad om tilskot til vern og vøling av kulturminne 2016 - underretting om vedtak

Det vert vist til Dykkar søknad av 31.10.2015 om tilskot til vern og vøling av kulturminne.

Ordninga med tilskot til vern og vøling av kulturminne vart handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling på møte den 10.05.2016, sak 71/16. Dykkar søknad vart diverre gitt avslag.

### Grunngjeving:

For 2016 var det 49 søknader og kr 973.000,- til fordeling. Samla søknadssum var kr 4.826.701,-. Det kom inn mange gode søknader som fylte vilkåra for ordninga. Med avgrensa midlar har det vore naudsynt å prioritera mellom kvalifiserte søkjarar slik at nokre fekk avslag medan andre vart tildelt deler av summen det vart søkt om. Prioriteringa har vore gjort med utgangspunkt i føremålet for ordninga og kriteria for skjønnsutøving som er fastsett i vedtekne retningsliner for ordninga.

I grunngjevinga for avslaget står det:

«Søkjar har sendt inn tre ulike søknader for ulike tiltak. Også dette er eit godt tiltak, men ein har i denne søknadsrunden valt å prioritere kledning på løe og hønsehus då skaden der er størst. Med så mange bygningar vil det vere nødvendig å ha ei god plan og prioriteringsliste på dei ulike prosjekta. Ein tenker då at bygningane får ei tilstandsregistrering av fagmann, som og utarbeider ei liste med prioriterte tiltak som kan vedleggast i seinare søknadar.»

### Klage/partsinnsyn

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan påklaga vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen de mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Klagen skal sendast til Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen. Klagen må innehalda opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Vi gjer merksam på at De etter Forvaltningslova har rett til å gjere Dykk kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.

Per Morten Ekerhovd  
konst. fylkesdirektør kultur og idrett

David Aasen Sandved  
konst. fylkeskonservator

Sakshandsamar: Stein Ottosen

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*